



Tyark AS  
Strandgaten 19  
5013 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6115 - 21/46122

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:  
28.06.2021

## Vedrørende søknad om mellombels bruksløyve B5 hus C

Viser til søknad om mellombels bruksløyve på gbnr. 322/190 hus C motteke 03.06.2021.

Rammeløyve for oppføring av hus C ble gitt i vedtak 209/2019 datert 17.09.2019 (sak 18/2700) der det mellom anna vart sett følgjande vilkår:

*«Før det blir gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest til bygget må det ligge føre bruksløyve til felles utomhusareal i samsvar med utbyggingstakt på utomhusarealet, som vist i vedtak 13.09.2018, DS 227/2018».*

I vedtak 227/2018 datert 13.09.2018 (sak 18/1742) er det gjeve dispensasjon og rammeløyve for opparbeiding av utomhusarealet delfelt B5. Det er vidare gjeve igangsettingsløyve for tiltaket i vedtak 316/2018 datert 23.11.2018 (sak 18/1742).

Eftersom det ikkje er gjeve bruksløyve for felles utomhusareal knytt til dette byggetrinnet, jf. vilkår i vedtak 209/2019, kan kommunen ikkje gje mellombels bruksløyvet som omsøkt.

Kommunen ber om at det så snart som mogleg blir sendt inn søknad om mellombels bruksløyve for felles utomhusareal i tråd med vilkår satt i vedtak 209/2019. Kommunen vil handsame søknaden fortløpande og vil kunne gje mellombels bruksløyve til bygget, hus C, så snart bruksløyve til utomhusareal er godkjent.

Med helsing  
Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Tyark AS

Strandgaten 19 5013

BERGEN